

## NTP 2022-2033 innspel til HFK innan 10 april 2019.

### Argument for fellesprosjektet Vossebanen og E16 med alternativet K5

#### Ny veg og bane fra Arna til Voss

##### 1. Trygg transport

Det overordna målet med ny veg og bane mellom Voss og Arne er å sikra trygg transport  
Det handlar om ein trafikksikker veg, redusera tal på dødsulykker og ulykker med alvorlege  
personskadar.

Når ny bane og veg er ferdig utbygd mellom Voss og Arna, vil me ha ein rassikker trasè.

Frå 2000-2018 gjekk det 120 ras på strekninga mellom Arna og Stanghelle

([finne tal for heile strekket Arna- Voss?](#))

Omkøyringsvegen om Hardanger er ikkje god nok for ein slik bruk.

Liv og helse må særleg vektleggast når prosjekt i fylket skal prioriterast.

Vegen er kåra til Noregs verste veg.

##### 2. Fullfinansiering

I gjeldande NTP er ikkje prosjektet K5 Arna-Stanghelle fullfinansiert. Det manglar 3 milliardar til  
bane. Utan ei fullfinansiering blir oppstart av prosjektet usikkert. Fagetatane ønskjer snarast  
mogelegr oppstart for både veg og bane, og då må fullfinansiering på plass.

Oppstart med bompengesak, slik at finansieringa av prosjektet følgjer framdrifta.

##### 3. Kontinuerleg utbygging

Ein må legge inn i NTP at det vert oppstart av statleg kommunedelplan frå 2020/2021 for Stanghelle  
– Voss.

Finansiering og oppstart av statleg kommunedelplan vil visa at regjering og Stortinget prioriterer E16  
og Vossabana og at det er eit ønskje om raskast mogleg framdrift.

Prisen på ein slik plan er antyda til mellom 25-40 millionar.

Heile prosjektet har ei innsparing på 11 mrd. Ved felles utbygging av veg og bane.

Kontinuerleg planlegging og utbygging vil sikra at ein godt innarbeida organisasjon frå Statens  
Vegvesen og Bane NOR kan fortsette med prosjektet og at den mest rasutsette strekninga også vert  
prioriterert.

##### 4. Vestland fylke har berre ein jernbane, Bergensbanen (med ein arm ned til Flåm).

Difor må fylket stå samla om modernisering av Bergensbanen.

Banen er den mest trafikkerte fjerntogdistansen i landet og nr. 7 i Europa.

Opprusting av Bergensbanen er eit nasjonalt prosjekt. Ny E16 Voss-Arna er eit nasjonalt prosjekt.

Med Ringeriksbanen og Vossebanen på plass, nærmar me oss fire timer mellom Noregs to størst  
byar.

NB. Ringeriksbanen må ha oppstart i 2021 som skissert i nåverande NTP.

##### 5. Miljøprosjekt – det grøne skiftet

Tog for persontrafikk og gods er den berekraftige transportforma i dag og inn i framtida!

Godsnæringa er særleg utsett. Ein la i 2018 ned godstrafikken på Raumabanen

Me kan få 80% av gods mellom Oslo – Bergen over på bane, den er i dag nede i 50%.

Me må ha føreseieleg reise for dei som tek toget anten som reisande eller det er varar som vært  
sendt.

Samfunnsøkonomisk kva ligg inne i den vurderinga? Særleg stor samfunnsøkonomisk nytte å få på  
plass Ringeriksbanen, men og positivt for Vossabanen. Voss vert knutepunkt for heile indre  
Vestland.

Det vil i åra som kjem verta ein auke av persontrafikk på bane, Bergensbanen hadde ein auke i  
persontrafikken i 2018 og slik har det og vore dei tre første månadene i 2019.

Reiselivet er den mest veksande næringa i landet. Bergensbanen er ein viktig faktor i denne veksten  
for dei 13 kommunane langs banen. Reiselivet er Noregs tredje største næring og sysselset mange i  
distrikts-Noreg

##### 6. Reisetid og Inter City Bergen- Voss

Det er fire Inter City strekningar rundt Oslo. Noregs nest største by har òg ein Inter City strekning  
mellan Bergen og Voss. Reisetid vert korta ned frå 1 t. 12 minutt til 38 minutt når K5 prosjektet er  
ferdig.